

Stettin, 11. februar 1942.

FDNn. 104333

→ KIRSTEN  
KAN DU KLARE Å  
TYDE ORIGINALEN OG  
FORE OPP ORDA SOM  
MANGLER. DETTE ER  
MARKERT SLIK ----  
---. SKRIV I UTKASTET.  
HA RETURNER.

DAGBOK  
HSCHA. STEINAR BRENNÅ  
FELPOSTNUMMER 45086B

*Legionen*

Renskrevet av  
Tommy Natedal 20.9.93

17. febr. 1942.

Eg er idag overført til det nye 3. kompani og har fått troppsjef stilling. Eg har og idag fått papir på at eg er Hscha, frå 15.8.41. Ja skal tru korleis det går i det nye kompaniet. Eg er no endeleg etter nest 7 mnd i Legionen vorte satt i ei stilling der eg kan få prøva um eg er noko tess. Det har vore lenge å venta, og eg har vorte forbanna mang ein gong når eg har set korleis mangt har gått. Men eg skal no få prøva meg, og eg skal og gjere mitt beste - ellers so. Eg vart avbrotten av kp oppstilling. Vi fekk der greie på at me skulde vera ferdige til avmarsj neste morgon og me skulde reisa til fronten med fly. Himmler vart vistnok komen attende til der Führer etter at han var hjå oss dagen før. Og han hadde så fått ordna det slik at me skulde reisa. Det vart mykje å gjera um natta og så mykje søvn vart det ikkje. Men då morgonen kom so vart me då på ein måte ferdige.

18. febr. 1942.

Me venta altså på kaserna til 0900. Så var det upplasting på trikk som tok oss til flyplassen. Der var det mykje til liv, men vi kom ikkje avstad den dagen. Det var ikkje so mange som reiste, og me måtte attende til kaserna.

19. febr. 1942.

I dag reiste me på nytt frå kaserna og til flyplassen att, og i dag slapp me venta lenge. Me vart sende inn i fly og snart bar det avsted. Det var ei fin reise, fyrst ----- om 2 timar og hadde mellomlanding i Marhita? um Königsberg so bar det i veg att og etter 3.5 time kom me til ein flyplass ved nordenden av Peipussjøen. Der vart det so ein ---- marsj til ein gamal ekserserplass. ----- mat på eit Truppensammelplatz. Det var godt for me hadde ikkje fått ----- ---- dagen, vi låg på ein stor sal heile kompaniet. Det var ikkje noko hyggelig, men det gjekk då.

20. febr. 1942.

Det vart so ein lang marsj att. Det var ca 8 km, og det var alngt når ein var so tungt kledde som oss, men me kom da frem. Det vart 2 timar å vente på flyet, og so bar det avstad att. Um etter 2.5 time var me atter her i krigen. Me kom inn i ---- so me snudde inn til den gamle staden. Der låg me so um natta.

21. febr. 1942.

I dag starta me med fly kl. 11.30 og kom fram til Luga. Der var det kort mellomlanding, og so reiste me vidare på med tog og kom fram til ein by 22 km lengre nord. Kom fram til forlegningen umlag kl. 23.00. Der var det skyting og gode ---, flyalarm og mykje bråk. Fronten er ikkje so langt burte. 1 og 2 kp ? er vistnok komme og har ---- vidare med ein gong til fronten.

22. febr. 1942.

I dag er det søndag kl er no 09.45 og me ligg her og ventar på nærare ordre, vi reiser vel og vidare snart. Vi reiste så vidare med bil og kom fram til ein by som ligger like bak frontlinjen. Vi fekk eit hus som var bare ein del skada, men det brann ned um natta. Vi måtte så flytte og låg i kjellaren til eit gammalt slott som var blitt rasert. Det var ellers alarm um natta for fienden angrip.

23. febr. 1942.

I dag flytta vi til eit nytt hus. Det var ikkje noko særst nytt. Stille ved fronten.

24. febr. 1942.

I natt var det brått stille og vi sov godt på det nye stedet. Kl. 09.00 var det meininga at me skulde fram i fyrste linje nokre av oss, men det vart ikkje noko av for divisjonssjefen skulde koma. Vi gjekk istaden i gang med å gjera reint i huset, og det kunde trengjast for det ser fælt ut her. Det er skrap alle stader og også detta huset er ein del rasert. Det finnst ikkje eit helt hus i heile byen, ser det ut til ---- folket -- og for det meste -----, for her har dei ikkje det minste mat. Det går og ligg og det er vondt å sjå. Særleg? då borna som er kledd i filler så dei ser ut som filledukker. Mange døyrr vel og ----- og av svolt og kulde. Det er ikkje so kaldt her no. I dag har det kome litt snø, og det ser ut til å koma noko enno. Før er det berre 0.5 m snø her. Klimaet ellers er mykje likt det me har heime og eg liker det svært godt.

25. febr. 1942.

Ikkje noko av interesse. Me bada idag i skikkeleg badstuge. Nokso rart når me ligg berre 300 m bak fremste linje. Ellers vert troppen oppsett med 3 lag berre. Det er mykje og indøve??

26. febr. 1942.

Det var og roleg i natt. Og i dag har det heller ikkje hendt noko. Me skal reisa frå her i natt, og flytta til ein landsby lenger mot vest. Der skal me forleggjast so lenge, men snart skal me vel fram i fremste linje. Me skal koma til eit roleg avsnitt, høyrast det ut til. Dei lit vel ikkje på oss enda kanskje. Kanskje ligg det ved og eitkvart anna bak. Me for nok sjå.

27. febr. 1942. (fredag).

Det vart ikkje noko av reisa i natt. Men -- reiste kl. 08.30 frå Pusjkin og kom til ein liten landsby som låg umlag 18 km frå Pusjkin. Der var so --- nokre timar og reiste so fram i fremste linje. Det var Ltn Steen, eg og 6 lagførarar frå vårt kp. Vi kom så fram til den fremste lina ca kl. 18.00 og låg i ein bunker um natta. Eg gjekk igjennom stillinga til kp-et som ligg her og det såg bra ut. Ein ser godt Leningrad frå her. Men her er svært stille og bra er no det, foruløpig får ein segja.

28. febr. 1942.

Det var heilt stille i natt her ved fronten. I dag har eg gått gjennom stillinga. Ellers har det ikkje hendt noko. I kveld kl. 21.30-22.30 var eg med framfor stillinga i ingenmansland. Der var det fullt med falne fiendar. Me fann gevær, meg og --- som me tok med attende.

1. mars 1942. (sundag).

Det var stille og i natt. Um kvelden flutte me frå 3. kp attende til bak ----- . Der fekk ein fine bunkers. Kp.et kom fram ved 22 tia.

2. mars 1942.

Ikkje noko sær.

3. mars 1942.

Heller ikkje i dag har det vore noko sær.

4. mars 1942.

I dag har me hatt våre fyrste falne. Det var i 1. kp's avsnitt. Dei fekk bombekastareld over stillinga. 2 falne og 3 såra. Um kvelden og um natta til den 5 var so folk frå 3. kp og eg framme og attende i stillinga og måka snø.

5. mars 1942.

Det er fullmåne no og det er nokså kaldt att vi har og havt ein del vind i det siste. I dag er det atter stille. Det har og i går og i dag vore litt skyting med granatkastar og artilleri.

6. mars 1942.

Flyttet ned til der batl-staben budde før. Ellers ikkje noko sær.

8. mars 1942.

I dag vart dei to falne gravlagde. Ellers ikkje noko sær. Det er stille ved fronten berre litt skyting med mg, smg og artilleri. --- vårt kp går dagane med snømaking. Men det er ikkje so mykje å gjera.

9. mars 1942.

Det var ein stille dag, men um kvelden fikk me ordre um at me skulde fram i fremste linje dagen etter.

10. mars 1942.

I dag var me atter fyrst framme og såg på den stillingsom me skulde overta. Vi starta 07.45 og kom attende ved 12 tida. Ellers gjekk dagen med å gjera seg ferdig til å flytta. Um

kvelden vid 9 tida var det so oppstilling. So vart det utlevering av smg og anna og so vart det so avmarsj. Kjem fram til 5.

11. mars 1942.

I natt var det so avløyning. Det var eit følt rot, ----- -- folk i grava so ein kom nesten ikkje fram. Men det vart da so at me fekk avløynt og kom på plass. Um dagen vart det so ordna på ymse vis.

12. mars 1942.

I natt gjekk det rykter um russiske ----- -- kunde venta eitkvart . Det vart ein del mg skyting men ellers so var det stille i vårt avsnitt.

13. mars 1942.

Ikkje noko sær.

14. mars 1942.

Dagen var stille men natt til ----- kom ein fiendtlig spåhtrupp inn til våre linjer. Ein mann vart liggjande att. Truleg vart ein par til drepne eller vardt såra for det låg att --- gevær til.

15. mars 1942. (sundag).

I dag vart ein av våre skoten på post av ein skarpskyttar. Han vart skoten i hovudet. Han hette Altmann.

16. mars 1942.

I natt til den 16 har me spåhtrupp ute, men det gjekk dårlig. Me altså ein mann - Kvarsvik. Ellers so var det og i natt ei patrulje vorom? linjane våre, men dei trakk seg attende med ein gong. Ellers so var dagen stille og ikkje noko sær hente.

17. mars 1942.

I natt var det og stille. Ikkje alarm eller nokon ting. Det er ellers fint vær i dag med varm sol. Det vert vel snart betre vær, og det vårast vel litt etter kvart. Eg har fått heile 4 brev sidan eg kom hit, so posten går, og det er triveleg å få brev når ein ligg her ved fronten.

18. mars 1942.

I natt og i dag har det og vært stille her på vårt avsnitt. Det har ikkje hendt noko. Eg har ikkje vore heilt bra eit par dagar. Har havt vondt i hovudet og forkjøla. Um eg ----- at det snart går over. Ellers so går det stride rykter um at me skal reisa heim no um dagen. Men det er vel berre rykter. Men gutta snakkar berre um det. Har du høyrte osv, høyrer ein heile dagen. Ja ein kan ikkje ----- um dei har lyst til å koma heim. Mange har ikkje vore heime sidan dei reiste til Legionen, og

det vert mange månader det no. Og alle har vel mest lyst til å slippa ut av det nu?. Krig er no krig. Sjøl um me har det bra, so vilde me vel alle ----- reisa heim. Ellers har det vore mykje tull med maten her. Det er ikkje so ofte um får det ein skal ha. Det er inga moro når ein får mat til 19 mann berre når um har 27 som skal ha. Men alt går når det må gå.

19. mars 1942.

I dag har det vore

20. mars 1942.

21. mars 1942.

22. mars 1942.

23. mars 1942.

----- og at tinar fort no snøen reiser vel snart.

24. mars 1942.

Ikkje noko sær. Det er ----- i dag og so det ser ut til at våren kjem for alvor. Ellers so har det vore stille ved fronten i dag. Det har ikkje vore noko skyting med artilleri heller i dag, berre litt grå ----dagane. Eg er ikkje frisk ---  
- ---- i morgen reiser eg attende til kompaniet, for her orkar eg ikkje å ligge lenger. --- ---- som ligg der bak er berre --  
----- kjerringar som ikkje orkar å ----- med krigen.

25. mars 1942.

Eg kom attende til stillinga i dag, og no er det reine helvete her, gravene er fulle med vatn, og når ein so skal gå og vassa i dette, so kan ein tenkja seg til korleis um har det.

26. mars 1942.

I natt var det nokso stille. Det var berre nokre mann foran stillingen, og dei kom vistnok ikkje attende. Ellers so flaut alle bunkers so og segja i vatn. Mange måtte flyttja ut. Um hadde stosstrupp ute. Det gjekk vistnok bra. Berre 2 mann vart lettare såra. I dag har det vore sama helvete her i gravene. ---  
--- og vatn alle staden. I min bunker var det der ----  
oversvømmelse i dag tidlig. Um me fekk då aust han som so til nauda om å ---- --. Men haldt -- ----, særleg då for ----- som er heilt kless våte. Og skorne er og fulle med vatn. Det er --  
----- . Skal tru korleis um --- folka det um ein nokon gong kjem attende og får eit varmt bad og turre klær og so få sova - sova. Karane er heilt utslitne. I natt stod --- på alarm frå kl. 20.30 til kl. var 16.00. Det er ikkje rart dei vart slitne. Og so våte og frosne. Kor lenge kan det gå før dei ligg der. Det går fleire og fleire attende for kvar dag, såra eller sjuke ----- vert det vel ingen att i heile troppen. Og ikkje veit eg ikkje kor lenge eg hald meg på ----- . Det er no eit stort under um ein ikkje her vart sjuk. Men --- skal stå i ro ----- greiar det. ---- kan ingen krevja av oss, so

får um sjå. Kanskje får me avløyning snart, og gjev det var so ---, for ellers so --- vil karane snart stupa.

27. mars 1942.

Det var stille i natt og, og i dag har det vore stille. Det fryser på litt no so det vart betre i gravene. Ellers so har det ikkje hendt noko av interesse.

28. mars 1942.

Det var og heilt stille i natt. Det fraus litt på so um ein var svært varsam so ----- turrskodd gjennom gravene. Dagen var og nokso stille. Det var berre noko artillerield. Det har no frose heilt i gravene, men når det vert mildare vær att so vert det ---. So det vil ikkje verta godt å liggja her då. Ellers so går det no rykter um at --- skal da Zg, ----- den 10. april og at me so skal liggja her til då og so reisa heim og det ville vera nokså fint. Men det er vel ----- rykter som so mykje anna her i Legionen har vore.

29. mars 1942.

Stille ved fronten. Berre bombing og artilleri. Det er palmesundag i dag, men nokon sundag er det ikkje å nevne her. Alle dagar er like.

30. mars 1942.

Ikkje noko sær s i dag heller. Mykje vatn i bunkeren, ellers er gravene nokså bra no.

31. mars 1942.

I dag er -- --- siste mann då. Tida i dag har gått fort. Soleis er det alltid når ein tenkjar attende, so har tida vorte heilt ---- liksom. Men når ein tenkjer framover, so er um 10 dagar -- ---- ---. Ellers so vonar eg på enno at me vart avløyste her den 10. Vert me ikkje det so er det "jævli". So kan det koma kva som vil etterpå. ---- enn det blir kan det vel ikkje verta.

1. april 1942.

Ikkje noko sær ved fronten. det er ikkje noko særleg fint vær. Det er grått.

3. april 1942.

I dag var det so at 2. kp skulde løysa oss av. Dei var framme her og såg på stillingen, og so gjekk me bort dit og såg litt korleis dei hadde det. Og då fyrst forstod eg kor mykje slit me har hatt her. Dei hadde det svært fint. ---- so kom det altså ordre um at nokon bytting skulde det ikkje vera. Me vart forbanna sjølv sagt, men det var ikkje noko å gjera ved det. Det var berre å gå attende og halde fram.

4. april 1942.

I natt var det og stille. På fyrste ---- av dagen satte me i gong arbeid i gravene, men so kom kp.sjefen og sa at me i natt skulde avløyast alle skulde inn i andre stillingar og eg vonar at um får det bedre der enn her. Um får oss sjå.

5. april 1942. (1. Påskedag)

Ja, i natt var det so avløyasing. Dei kom seint og me var ikkje ferdige før kl. var vel 4. Men det gjekk då, og glad var me som slapp ut av driten. So var det altso marsj bakover til K. -----, der med låg nokre timar. Men me skulde inn i nye stillingar same dagen so det vart ikkje ro å få. Og so reiste me ned hit og kom fram til stillingane ved 7 tida, såg over avsnittet og so var det å venta på kp.et som skulde marsjera etter um natta.

6. april 1942.

Me fekk då avløyast um natta, men kp.et kom ikkje før på morgonkvisten. Det var eit følt rot med bilene, pakning og gevær og so vidare som vanleg. Ellers so var det ikkje noko særleg.

7. april 1942.

Heller ikkje noko sær i dag eller i natt. Det er stille ved fronten her og berre ein del artilleri og mg skyting. Det er no svært godt vær, og vatnet fløymer atter over i gravene. Men det er betre enn det var i Kiskino. Um no vart det nok vår ja.

8. april 1942.

Ikkje noko sær. det er mykje vatn og mykje drit og --- som det ser ut til å vera overalt i Russland. Og jorda er so forbanna klissete. Ho er so fin her liksom berre skit, ikkje stein eller noko fast.

9. april 1942.

Klokka er no 01.35 og eg sit her i bunkersen. Dei andre søv. Eg har vart i grava. Det er svært myrkt i natt, månen er burte, og det er ---- ---. Det er mildt so snøen minkar fort, snart vert det vel turt på bakken og då -- det -- ---- att --- på austfronten. So kan me verta ferdige med dei her og då er me langt koma med krigen og skal tru korleis dei heime har det no ? Eg vonar at dei alle er friske og ikkje har att for mykje å slita med. Dei tenkjer vel ofte på meg og på ----. Jau, dei har nok ----- ei tung stund både far og mor. Ein far vona at det ikkje vert så lenge før ein ser dei att. Og da skal eg ha gode dagar på sætra og i fjellet. Då skal eg atter få oppleve sumarnatt på fjellet. Det vert rart å koma vekk frå det slettelandet her og koma til dei norske fjella. For eg kan ikkje segja at eg likar dette landet sjølv um det nok er fremtidens land. Nei eg vil heim att til Norge, det er ----- - ---- landet både å leva og døy i.

13. april 1942.



Det har ikkje hendt noko større desse siste dagane. Det har berre vore mykje artilleriskyting. Ellers har det vore stille. Det vårast her no, sola vert varmare etter kvart, men det har vore mykje vatn og skitt i gravene. Men eg trur at det værste no er gjort med vatnet. Det ----- litt etter litt, og når det no vert turt og fint i gravene so skulde det verta betre å vera til. Men karane er slappe no. Det er mest ---- å få dei til å gjera noko. So ein kan gå trøyt av å bruka kjeft og i men ellers for ein ikkje gjort noko.

14. april 1942.

So skulde altso også denne vinteren vera gådd, for i dagg er det altso sundag. Ja, sumaren er nok heller ikkje so langt burte for det vert betre og betre var for kvar dag. Ellers so hadde vi i 2. tropp vår fyrste falne i natt. Det vart Eriksson som fyrst skulde gå av oss. Det var trist og eg hadde vona at ingen i min tropp skulde gå, sjølom me har havt mange såra. Men det vart ikkje so og han vart heller ikkje den siste som går burt. I morgen kan det verta ein av oss. Ingen veit noko. Og det er no det beste og. Men kanskje kjem me snart burt fra her. Ryktene går. Um --- det er det vel heller ingen som veit noko. I det heile so veit ein svært lite her ved fronten. Avisar og brev er granska som berre det, og radio er det skralt med. Men det går det og.

16. april 1942.

Natta til i dag var ei hard natt for Legionen. 4. kp hadde stosstrupp her i mitt avsnitt, men det gjekk dritt. -- folka som gjekk ut var det berre ein 5-6 mann som kom att uskadd. Det var mykje miner so dei fleste fekk beina øydelagde. Vestad vart såra, men han kjem vistnok til å kunne gå nokso normalt att . Det var berre tårne på eine foten som var ----,. Men mange så følt ut. Og det er det som er verst at det --- ingen ----- å finne på slike ting ---. So eg skjønner ikkje kvifor dei ofrar av vår beste ungdom på slike oppgåvor. Kaptein Berg gjekk med og med han miste Legionen ein av sine beste menn. Likeleins med Ljungberg. Han var og ein svært bra kar, men han og gjekk med. Dei andre som gjekk kjende eg ikkje mykje til, men det var nok bra karar. Um no vart det no slutt med desse troppane til majoren --- som han snakkar um spähtropp og stosstrupp heilt ifrå vi kom til fronten. Eg må segja at han virkar lite vaksen for den stillinga han har. Det er det ellers fleire som gjer, men det går vel med det går. Men ein ser og høyrer mykje som er mindre bra. Eg tilgjer folka som ikkje er noko og som tilstår det, men folk som har det bare med kjeften har eg vanskeleg for å få nokon respekt for.

18. april 1942.

I natt hendte det ikkje noko nytt, men i dag fall sersjant Gilde. Han vart treft av ein granatsplint bak venstre augo og var død med det same. Med ham gjekk altso den siste lagføraren min, so no har eg altso berre meg sjølv att som befal i troppen. Det har gått hardt utover befalet i min tropp, men no kan det vel ikkje ----- so lenge att før me vert sende

attente. Karane --- til å verta litt nervøse av seg og det er no ikkje noko rart. 2 mnd her i fyrste linje utan kvile er ---  
 --- mykje no i vårbløyta. Ellers so let det no til å turkast  
 fint so det vert betre for kvar dag som går. Um eg tenkjer  
 ofte på korleis ----- ---- det um dagen. Han er nok og sett  
 inn no, tenkjer eg. Um eg har ikkje høyrte noko frå ham på tvo  
 månader no, so skal tru kvar han held til. Frå heimen har eg  
 heller ikkje høyrte noko, og det er og merkjeleg. Posten skulde  
 ---- koma nokso fritt fram hit. Summe har fått brev som har  
 vore --- 9 dagar på vegen frå Stettin og hit. Og so mykje  
 lenger tid er det ikkje frå heim heller. Men eg vonar at dei  
 har det bra . Ellers so vårast det nok først heime no og -----  
 spadar vel i ----- . Det er ganske rart å ha ein utstoppa  
 orrhane over døra til bunkeren. Det minner meg um vår----onna  
 heime. Ein gong kjem og vel attende og får ----- att.

20. april 1942.

I dag er det altso Hitlers gebursdag. Det har ikkje hendt noko  
 sær, men me fekk ekstraforpleining i dag. Lade og gode -----,  
 so det er oss bra.

22. april 1942.

No i 3 dagar har det vore litt uroleg ved fronten. Um natta  
 har det vore fly som har kasta bomber so det har vore mindre  
 triveleg her. Og no i dag tidleg kl. 03.15 tok russera til med  
 eit frykteleg beskytning av linjene våre. Det var "jæveli",  
 det er det værste eg har vore ute i enno. Men det vart berre  
 ein mann såra i min tropp. No er det slutt og eg --- vona at  
 dei ikkje kjem att med den fanskapen.

28. april 1942.

Det vart lenge før eg skriv att, men det har ikkje hendt noko  
 større. Det har vore slik etter det angrepet på oss. Russen  
 har ellers drive med litt propaganda um kveldane, men no har  
 han no slutta med det og. Det har vel inga ----- når ingen av  
 oss kjem over i ----- ----- av dei kjem det ein og annan  
 rekande. Det går mange rykter no um dagen og då helst um  
 avløyning. Men ---- har det ikkje komme nokon for å ta  
 plassen vår her. Og det er sjølv sagt ingen som veit noko, me  
 kan venta avløyning i natt, og me kan koma til å vera her ei  
 tid til. Um dei fleste vil nok helst burt frå her no som ikkje  
 er så rart.

29. april 1942.

I dag har det vore ein dårleg dag for 2. tropp. Um miste 2  
 mann i dag, og det var berre uflaks det og. Um det er nok  
 skarpskyttarar som ligg og skyter. Og det er det som er verst,  
 at ein kan ikkje veta ----- ----- kvar dei ligg. So det er  
 ikkje noko triveleg, for ein er ikkje trygg nokon stad her  
 framme. Er ein heldig so skyt dei forbi, men det er ikkje alle  
 som er det. Ellers so har det vore stille her ved fronten. Det  
 er berre litt skyting med smg. I natt vart ---- byen ganske  
 kraftig bombardert. Eg fikk brev frå Erling i dag. Dei der  
 heime har ikkje høyrte noko frå meg sidan me var i Stettin, og

brevet hadde han skrive 4. april. So posten går ikkje ----- fort. Frå ----- hadde dei heller ikkje høyrte noko sidan han var i Polen. Det har ----- ikkje eg heller. So dei har det nok ikkje godt dei heller. Dei har nok mange tunge stunder når tankane ----- oss kjem sigande. Dei har det vel ----- oss som er midt oppe i -----gryta. Frå Margit fekk eg og brev i dag, og etter som eg ----- so har dei da fått eit kort frå meg etter at eg kom hit. So breva kjem vel fram sjølv um det går seint. Ja, eg lurar på um eg nokon gong skal få sjå dei der heime att. Ein for vona det beste og vera budd på litt av kvart tenkjer eg.

3. mai 1942.

So er me ferdige med april og tida går fort må ein segja. Kva vil somarn by på ? Det vert vel både vondt og godt det kanskje. Det vart ikkje nokon bråk den 1. mai her ved fronten. Det er no liksom dagen deira det då, so ein kunde no venta seg litt av kvart. Um dei har --- ikkje so mykje å hjelpa seg med kan ein tenkja. Heller ikkje fra vår side var det noko bråk. Det har i det heile vore ganske stille no etter det angrepet dei prøvde på. Ellers so vonar eg at dei snart tek Leningrad so ein er ferdige med ----- . Det går rykter um det -- ---, mens det er vel ikkje so mykje å tru på det heller. Ellers so tek det --- snart til å ----- her på østfronten att no. Og då vil ein vil koma til å høyra um mykje rart. Nye våpen kjem nok til å ----- um då, ja. Det skal vera sundag i dag då, men her ved fronten er det nok ingen sundag. Her er det alltid det same, og det må det sjølv sagt og vera. Men det skal verta rart å få ein virkeleg sundag att i eit fredeleg land.

7. mai 1942.

Det har gått heile 4 dagar sidan sist eg skreiv i boka mi. Men det har ikkje hendt noko særleg. Eg fekk brev frå far i dag, og heime stod det berre bra til, skriv han. Det var 17 dagar gammalt. No vårast det heime. Elva ruskar seg for is og det vert ----. Dei har greid seg bra i vinter sjølv um dei har vore lite hjelp. No i sumar vert vel Helga heime, og dei hadde og fått ei jente frå Solør, skriv dei um. So vart og Torgrim heime i vinter, so skulda dei greia seg bra. Her ved fronten har det vore litt skyting med artilleri i det siste. Ellers so hadde me angrepet til Solem i 2. kp som gjekk bra. Noko særst ellers har ikkje hendt. Det har vore litt kaldare no att med litt snøing um natta, men snart kjem vel varmen for godt. Kva tid me vert avløyse her er ikkje godt å segja. Ryktene går um den 15, men det er no ingen som veit noko. Og kva som kjem etter det er heller ikkje godt å segja. Att me kjem ----- med det fyrste trur ikkje eg. Denne boka vart vel skriven heilt ut tenkjer eg . Ja tida vil vise korleis det vert.

10. mai 1942.

Det vert lenge mellom kvar gong eg skriv i boka mi no. Um so er det ikkje so mykje å skriva um heller. Det er den vanlege tjenesta um dagen og um natta. Ja det har no hendt litt som har interesse for meg. Eg har fått brev frå far og det er no liksom oppfreskande å høyre frå heimen. Det stod berre bra til

då han skreiv, men det kan ha hendt mykje sidan. Um ein får no vona det beste. Dessuten fekk eg brev frå Sverre i går, men det var so gammalt so det var ikkje noko av interesse. Men eg fekk då feltpostnummeret hans so eg kan skriva att. Det eg er mest forundra på er at eg ikkje høyrer noko frå --- att snart. Det er lenge sidan sist, so ein kan ikkje segje ho er noko flink til å skriva ennu. Um so har no heller ikkje eg skriva på lenge. Og det for vel --- til eg høyrer frå ho att. Føraren kjem på vitjing til oss i dag, men han kjem vel ikkje fram til oss her. ---- er for verdfull -- han til å ta den risken. Det skal verta ---- å høyra kva han har å segja. Kanskje vert det ein del forandringar her, kanskje ikkje. Han vert no berre møgg --- framme ----- attende. Majoren skal reisa saman med han heim att, har me høyrte. Men kva han skal gjera der er no ikkje so godt å vita. Men det får me vel og greie på ein gong, sjølv um det kan verta lenge til. Ellers so fekk me ei helsing frå Norge i dag. Me fekk ei pakke Frisco og 1/3 pakke røykjetobakk, og det var ikkje so lite. Det viser då at dei kjem oss i hug der heime. Ellers so er eg redd for at mange kjem --- -- her har so altfor mykje i hug. Når ein les F.F so kan ein tenkje seg til korleis dei har det. For då kan --- frå at me har gjort noko heilt -----, og ein kan verta redd for at det snart ikkje er att fleire av oss. Eg meine at dei bør ikkje skrema folk der heime heilt burt i rykter. Tungt nok har nok mange det --- ! Men det er -- skort på vaksne folk der som so mange andre stader. ----- ein får - ---- si hit til framtida. So far ein no sjå, den som lever att.

14. mai 1942.

Det vert ikkje so at Quisling kom hit den 11. Han kom ikkje før i går. Og noko positivt nytt kom han ikkje med. So --- vona er altso ikkje meir. I dag vart 3 russiske bombefly skotne ned her bak oss. Det var no litt av ein upp----- ---- -. Dessutan har eg no fått høytalar i bunkeren. So no er det meir triveleg her. Men kor lenge var Adam i Paradiset. Det er ikkje godt å veta kva framtida vil by på. I natt som var var det alarm her i vårt kompani. Det var ----- utanfor piggråden i natt. Eg såg berre ein, men det var nok fleire der ute. Kva dei for etter er ikkje godt å segja. Um det vert noko i natt då. Det har vore stille ---- og no er kl over 1. So no ljøsna det atter av dag. Det har ellers vore svært stille og lyst i natt. Natta vert stutt no. Og varet er og svært fint um dagen. No høyrast det ut som um dei skyter med PAK ute. Artilleriet har og skote nokon ---- salver i natt. So det er nok inga moro å vera på den andre sida heller.

17. mai 1942.

Ja, i dag har me also den 17. Men dagen vert vel lik dei andre dagane. Det ---- ---- ikkje ----- og festing so som det var i gamle dagar i dag, nei. Men me skal øl i dag har eg høyrte. Det vert --- godt, og det vil vel sitja som ein spiss på dagen. Ellers so har det vore ei svært stille natt. Det er so stille so det er heilt unaturleg. So det byggjar vel upp til noko att. Lindvig vart hardt såra i natt, høyrde eg. Også han har inga Soldatenglück. Dei har gått vekk alle dei eg gjekk

saman med på befalsskolen no. Men dei er berre såra. Snart vert det vel turen min og. Det er rart um eg skal greia meg så mykje betre en dei andre. Ellers so er det ikkje meir av interesse ----- her. Været er fint no, mildt og stille. Det er ----- . Det grønast og i går morgen høyrde eg gauken for fyste gong i år. Han gal i vest, mot Noreg. Kl. er no 06.30, og ein får no sjå kva dagen vidare vil by på. Ja, det vert då litt ----- i dag likevel. For det fyrste kom det ein overløpar til. Men det og var berre ein tufs som ikkje viste noko. ----- er vel dei fleste. For det andre so var det øl til forpleining. Det var fyrste gongen, og det smaka bra. Og for det ----- so fekk me litt brennvin, 1 sigar, 20 sigaretter og 1 pakke tobakk på kvar mann frå Noreg. So det vart --- liksom 17. mai likevel. Ja, dei fortel mykje um Den norske Legionen no um dagen der heime. Det er no vel og bra, men det er so overdriva mykje, og mykje er og berre sludder ! Men det skader sjølvstakt ikke Legionen.

18. mai 1942.

Ja, det var ingen 18. mai slik som det var i gamle dagar. Då var um trøytt etter festinga, og mange var tunge i hovudet av drikke og slik. Her merka ein ikkje det, ---- ! Me fekk fyrst våringa i dag. ----- og det ingen noko ----- få ----- . Men det gjekk snart over. Um gravene vart f---- etter regnet. Berre søle alt i hop. Men været er mildt. Varmen er liksom komen no. Det har og vorte ----- og grønt på eit par dagar. Graset titter upp mellom ----- stokkar og altslags skrap som ligg strødd utover. Det er fint å sjå graset, men det ----- ikkje med alt det skrap som ligg her. Og når ein ser på desse øydelagde husa alle stader so passar det dårlig til graset som gror.

27. mai 1942.

Det har hendt litt sidan sist eg skreiv. Me er no komme til ei ny stilling att. Me vart avløyste i Uritzk den 23 um natta ved 01.30 tida. So reiste me til Krasnoje Selo med bilar. Der låg me i tri dagar og to netter og hadde det etter ----- bra. Me hadde millom anna ein kameratkveld der. Der var og Obergruppenführer til stades og han heldt ei tale til oss. Og etter som han sa, so ser det ikkje ut til at me slepp heim att so fort. Det høyrast ut til at me skulde vera med til siste slutt her i Russland. Ja, det for no vera som det vera med det. Den stillinga me er kome til no er svært stille, so her ser det ut som ein kan kvile ut. Men det er so mykje regn no um dagen og leire er det overalt her i Russland, so det vert ikkje noko sars triveleg um dagen. Men når det vert fint vær att so skulde det verta bra her. Ellers so er det snart juni so ein skulda snart verta varmt vær. Enno har det ikkje vore noko.

30. mai 1942.

Det vart sagt at me skulda koma til eit stille avsnitt av fronten, og det er ser nok ut til å stemma det. Her er det so stille so ein skulde nest ikkje tru det var nokon front. Været er og finfint no um dagen. Det er sol og ----- so no turkast

det fort i gravene og. So ----- ein me har det her kan ein vel ikkje få det ved fronten. Her vert det kvile, og det kunde me vel og ha godt av etter det me hittil har gått i gjennom. Her er ingan ting hent sidan me kom ut. Men 1 og 2. kp har det nok ikkje so bra som me. Dei har havt 4 eller 5 falne dei dagane me har lege har. Det er skarpskyttarar som ligg ute. Her hjå oss har dei vanskeleg for å koma innpå, so det er ikkje so farleg. Frå heime har eg ikkje høyrte på ei stund no. Når breva frå dei kjem so kjem dei på ein gong, og so vert det lange tider som ein ikkje høyrer eit ord. Heller ikkje har eg høyrte noko frå R på aldri so lenge. Ho vil kanskje ikkje skriva meir, og eg er no like glad og, for det vil aldri verta noko millom oss, sjølv um eg skulde koma heim att. Ho for ta det som best ho kan. Du er alt for meg skriv ho i siste brevet, og so høyrar ein ikkje meir frå ho - Merkeleg ! Men det er kanskje det vanlege å skriva so. - Ja, ein skulde kanskje ikkje skriva slike ting i dagboka si, men eg vonar at inga andre enn eg sjølv får lesa ho. Um andre får sjø ho so er nok ikkje eg i live, og då kan det vera det same.

11. juni 1942.

Det har ikkje hendt noko særst i alle desse dagane. Her er svært stille, so her for me liksom sova ut alt, og det er no bra. Det kom nokre overløparar for nokre dagar sidan som fortalde at russen vilda angripa her. Dei skulde gå i gang den 4 og den 10 skulde dei stå i Puskin, var det sagt. Men enno er dei ikkje kome der. Det var ein del artilleriskyting den 5, 6 og 7, og det var og forsøk på angrep ut til høgre for oss, men det vart med at dei forsøkte. Men det spørst um dei kjem att då. Det for me no sjå. Ellers so går det no rykter um at me skal vekk frå fronten her. Kor fort det blir og kva me no skal --- til, er ikkje so godt å veta. Dei seier at me skal få marsjforpleining for 4 dagar, og då vert det vel eit godt stykke me kjem til å reisa. Det skal verta rart å sjå. Majorn har vore ljå Himmler no, og etterpå for han til Berlin. Kva han der skal gjera er ikkje so godt å vita, men det er vel viktige saker som vert avgjere. Fra heime høyrde eg for nokre dagar sidan, frå Erling. Det stod berre bra til, men våren hadde vore kold, skriv han. Men surt kan no verta bra for det, som ein --- ----. Han hadde og fått gjort seg ny ----- i vår, so no far han nok atter ----- stunder på Dalsvatnet. Eg skulde ynskje at eg kom heim ein tur i sumar, og so eg kunde fp koma ein tur på sætra. Men det vert vel berre i draumane !

16. juni 1942.

Det har vore stille her som vanleg. Me fekk ein overløpar her for eit par dagar sidan. Han var glad for at han var kome over, høyrast det ut til. Det er vel ikkje so bra inne i byen heller kan ein tru. ellers so ventar dei angrep her att, men kva tid det kjem, er ikkje so godt å segja. Kanskje det ikkje kjem heller. Dei har vel ikkje so stor hug til å angripa, tenkjer eg. det er ikkje noko nytt å skriva um. Den eine dagen går etter den andre utan at det hender noko anna, for stort lenger går det vel ikkje på denne måten.

30. juni 1942.

So er det snart slutt på denne månaden og. Det har vore heilt stille her no og ingen ting hender. Me ligg og solar oss um dagen no. Det har no vorte litt ----- vår ---- noko varmt er -- ikkje enno. Det vert vel ikkje heller her kanskje. Det kom tvo mann frå Norge for nokre dagar sidan, men dei vert ikkje sende fram til oss her. Dei ligg bak og skal øva liksom. Og Majorn er og blir burte. Dagane går, men det vert ikkje nokon løysning på spursmålet i "kva med oss" ? Og kva --- vert ----- --. kan ikkje eg segja. Eg fekk brev frå ----- for eit par dagar sidan. Han låg enno og venta på å bli sett inn. Han har lige so lenge no. Og tida hans er umme. Men han ---- ikkje --- --- skriv han. Frå Margit fekk eg og brev, --- lova godt, skriv ho. Ellers so stod det bra til. Frå heim er det dårleg send brev å få. Det --- eit som um dei heilt har gløymd meg. Det er trist, men det for no vera som det er med det. Frå R, har eg ikkje høyrte meir. Det er trist, men eg ----- det ikkje noko større på meg. Ho får gjera som ho vil. Eg er like glad.

12. juli 1942.

I dag er det årsdagen for Legionen. Eit år i dag møtte dei fyrste på Bjølsen, og eg trur at det dei har gjennomgått dette året kjem dei, vel aldri til å gløyma. Men åra vert vel ---- på såret, so etter kvart som tida går so kjem dei vel til å minnst denne tida som ei gild tid på mange måtar. So det er no gildt på mange måtar og. Her har det ikkje hendt noko sær det siste heller. Det er heilt stille her ved vårt avsnitt. Ellers so har eg fått mange brev ---- i det siste. Dei kom liksom på ein gong. Noko nytt er det ikkje heime anna ein at R har trulova seg ! Og det er no noko nytt. Det var ingen under at ho ikkje skriv til meg meir. Men det kan no vera det same og. Millom oss kunde det ikkje ha vorte noko likevel meir. So det var vel best at det gjekk som det gjekk. Men det kunde ha vore moro å snakka med ho att ein gong og høyrte kva ho hadde å segja ! Men det skulde ikkje undra meg um det ligg noko bak der. Det er hennar store feil at ho aldri kan segja nei ! Frå Sverre har eg og høyrde. Han er enno ikkje sett inn då han skriv, men det er no ei stund sidan so noer han kanskje med i stridane i sør. Han ---- ikkje ----- att no, enda han er ferdig med tenestetida. Og det er vel kanskje like so rett. -- -- vil og visa det so for me no sjå.

24. juli 1942.

Det har vore ei jævli tid no. Ikkje so at ffiendan har gjort oss nokon skade men det har vore berre --- mest heile tida. Gravene og stillingane rasar saman, og leira vert som ei surpe ein må gå og vassa i. Det slit hardt på humøret vore. Ellers so var det eit ganske hardt angrep aust for oss her. Og russerne kom seg i gjennom og tok grava vår eit lite stykke men dei vert snart kasta ut att. Dei bruka både pansar og fly og ein artillerield som var vist jævli. Det var vel juli-angrepet dette no, so held dei seg vel stille att tel i august ein gong. Rostow er no teken. Det var særmeldingen i dag. Det ser ut til å gå nokså fort på sydfrenten og fint er no det. Berre dei kunde slå heilt i filler dette fordømte landet ! Og

i sumar skulle dei vel koma langt, skulde ein tru. Noko nytt frå heime har eg ikkje høyrst, men det kjem vel snart brev att. Det er i orden alt, berre dette varet kunne gjeva seg ! For regn ---- ----- eg ikkje ! Og det er nok ingen ---- her i sumar --- !

4. august 1942.

Ja, det er like trist og jævli enno. I dag kom det atter mykje regn. Har ikkje vore sol på lenge no. Og no haustast det alt. Natti vert lang og myrk, og ----- varme i varet kan ein ikkje snakka um. Ellers so går det rykter um avløyssning no og ----- noko regiment kan ein visst ikkje vona på skal koma. So det vert vel å fila og fila på det vi ---- ----. Eg finn det so meiningslaust og eg forstår ikkje kva dei kunne tenkje. Dårleg nytt frå heime i går. Erling hadde skore seg av ein ljà og var på sjukhuset kommen. Eg vil no vona at han snart er bra att. So mykje kan det vel ikkje vera. Frå Sverre har eg ikkje høyrst. Vonar at eg snart får brev. Rønndig(?) Kveen(?) var trulova. Dei går den eine etter den andre no. Og det er no som det skal vera. Dei er gamle nok til det. For eit år sidan var dei ledige baae tvo - i år ----- . Tidane forandrar seg !

5. august 1942.

I dag vart Storseth såra. Fikk ein splint på høgre sida av magen. Vonar det går bra med guten, det var ein bra mann å ha. Ellers so ser gravene fæl ut etter regnet. Ho seg i saman alle stader.

16. august 1942.

Ja, no har eg altso fyllt 25 år og har teke til på det 26 som vel vert det mest avgjerande og viktigaste året eg lit til --- ---. Skal tru kva det vil gjeva av godt og vondt ? Det vert vel både vonde og gode, lukkelege og sorgfulle dagar, kan eg tenkja. Eg spanderte ei flaske Hennesey på årsmålsdagen i år. Ellers var den dagen lik dei mange andre her. Frå Sverre fekk eg brev i går. Han var i ----- no, og er altso ikkje ved fronten lenger. Kjém vel heller ikkje dit med det fyrste. So slepp ein då gå og ha ---- for honom. Frå heime er det elles inkje nytt. Det hender ikkje noko større der heller. Og her er alt som vanleg. Det ser ikkje ut til at me kjém burt her i frå ----. Og noko avløyssning -- det nok heller ikkje å venta lenger. Men dagane går. Det vert snart haust att. Nettene er alt lenger og myrkare att. Men varet er godt no um dagen.

18. august 1942.

Ikkje noko særst ----. Det er fint vær um dagen, men natta vert lang og myrk. Det kunde vore fint å koma ut av gravene no ei stund, men det vert vel ikkje noko av det enno. Ikkje noko frå heime. Kjém vel snart brev att vonar eg. Men dei har vel ikkje noko å skriva um dei heller, men det er godt å høyra frå dei likevel. Det er liksom det ----- som kan setja litt mot i ein no.

30. august 1942.



Ja, det har hendt mykje sidan sist eg skriv i boka mi no. Me ligg no bak i Trossdorf. Vert avløyste natta til den 22. Men det var berre vårt kompani. Dei andre ligg framme og snart skal --- fram att og, og so kjem eit anna kp bakover ei stund. Kor lenge det går soleis er det ingen som veit. ----- annan ting har g hendt. Me var ute på stosstrupp den 25 aug. Og det gjekk no bra, 2 hardt og 3 lett såra, men alle kom inn att. Olsen vart hardt såra, synet på guten, for det var ein flink kar. ----- kom i dag. Det var og som ei helsing frå heime, fra dalen. Frå heime har eg og fått brev, står bra til.

2. september 1942.

Me ligg enno bak, men skal nok med det fyrste fram i 2. kp's avsnitt. Eg fekk EK i dag. Iversen og Svenningen fekk det og. Olsen fekk og EK etter støttroppen men han vert altso hardt såra og ligg på lasarett i Kr.----- . Vonar det går bra med guten. Ellers ikkje noko nytt.

11. september 1942.

Ja, no ligg kompaniet altso i stilling. Dei gjekk fram att den 4 um kvelden. Eg ligg no bak i ----- . Me hadde vore framme berre i 3 dagar, da me fekk ordre um å flytja bak att. Og no har ein det då fint so lenge det varar. Eg fekk brev frå R i går. Ho angrar seg visst. Eg skynar ikkje noko av heile - ----- eg. Men ho har det vist ikkje godt, etter det ho skriv. Det er merkjelege ----- kvinnfolk er det ikkje so greidt å verta klok på nei. Ellers so har eg fått brev frå Kjartan no. Han kjem kanskje han og med tida. Korleis det går med oss her er ikkje godt å vita. Det er nok sikkert at det vert eit ----- no. Og då burde snart me verta dregne attende. Me har ikkje noko her å gjera då. Større oppgaver er det for oss å få skikk på ----- . Og det er vel sjefane merksame på, vil eg vona. Frå heime ikkje noko nytt. Været atter dårleg no. Det haustast, natta vert lang og ---- og det er kaldt, og ---- -- ---- det og innimellom.

13. september 1942.

I natt var det ----- på no annan i kp. 2, 3. Slått til borte ved ----- . Det var hos Kjølberg, 1 faldt, 1 såret.

20. september 1942.

Det har ikkje vorte av at eg har skreve på lang tid no ser eg. Men so har det heller ikkje hendt noko større. Mange har no reist på permisjon og dei fyrste skulde snart vera her att. Um dei kjem att da. Ellers so er det haust. Det er surt og kaldt med mykje regn, søle er det alle stader, so det er ei hard tid no. Me skal no bak i 14 dagar um det vert noko av, og skal fram i våre stillingar.

5. november 1942.

Me kom ikkje lenger en til Mona ----- no alle dagar. Det vert no kaldare. I går og i dag har det frosse på, so det ser ut til å frysa ned no. Og det er no lika so godt. No slepp ein

all denne driten rundt um alle stader. Fagernes attende frå perm i går, hadde med pakke frå Astrid ----- til ----- i morgon. ----- kanskje å få oss attende. Torgrim har og reist til Legionen, men vert med i skiløparkkompaniet. Sverre ikkje heime enno. Ikkje noko særst nytt elles frå heime.

8. november 1942.

Atter i gravene. Kompaniet gjekk i stilling alt den 7 um natta. Millom POL og 2. Det er no kaldt. Marka frys ned. Kor lenge me vert her er ikkje råd å veta, men det er vel meininga at me no snart skal attende.

21. november 1942.

Eg er no på lasarett. Har vore her i 5 dagar og er no frisk att. Det var feber og ----- eg hadde. Noko nytt med Bat er det ikkje enno. Det ser ut som um me vart verande her. Det har kome litt snø og i kveld er det måne og fint var ute. Og nest gang det er fullmåne så vonar eg at eg er heime. Eg skal få permisjon no, og det er no ----. Eg fekk brev frå R att den 15. Eg skynar meg ikkje på ho, men eg kjem vil til å treffa ho att no då. i går fekk eg og brev att frå Inge. Så det kjem då brev ein gong i millom. Frå heime har eg og høyrte, men det var ikkje noko nytt. Men eg skulde ynskje at krigen var slutt snart, so ein kunde få ta til å arbeida att med skikkeleg arbeide. Men det vil vel vara lenge enno. Ein kan ingen ----- enno. Elles so tid det snart med detta året og. ----- går fort dei vert som burte, og ein er like langt komen. Kva skal ein verta eller ta seg til um ein kjem i frå dette med liv og helsa ? Eg har i grunnen ingen ting ---- heller som kan ---- eit grunnlag å byggja vidare på. Det kan einast vera å gå den militære vegen då, men eg trivst ikkje at eg får nokon lyst til det heller etter detta. Men det vert vel ei råd. Eg har lært å arbeida, og ein mann som har bruka armene sine ---- seg nok igjennom på ein eller annan måte, enten ein får vel heller ikkje ----- til å gå berre for lut og kaldt vatn heller etter dette. Men me får no sjå, då lurar me på kvar det vert av Sverre. han burde no --- vore heime alt for lang tid sidan han no. Men kanskje han kjem hit sjøl.